

Forskrift for skulefritidsordninga, Austevoll kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av Austevoll kommunestyre i sak XX/24 X. desember 2024 med heimel i LOV-2023-06-09-30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5.

Skulefritidsordninga i Austevoll kommune blir driven etter vedtekter vedtatt av Austevoll kommunestyre, lokale tilpassingar og dei krav som er fastsette i rammeplan for skulefritidsordninga, opplæringslova § 4-5 og forskrift til opplæringslova.

§ 1 Eigartilhøve

Austevoll kommune eig og driv skulefritidsordningane ved grunnskulane i kommunen.

§ 2 Føremål

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og tilsynstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for barn på 1.-4. trinn. Barn med særskilte behov på 5.-7. trinn kan få tilbod etter søknad.

Mål:

- Skulefritidsordninga skal drivast i samsvar med forskrift om rammeplan for skulefritidsordninga, vedteken 01.08.2021.
- SFO skal bygge praksisen sin på grunnleggande verdiar som er felles i formålsparagrafane til barnehagen og opplæringa. Verdigrunnlaget skal formidlast og praktiserast i alle delar av arbeidet i SFO og prege innhaldet og arbeidsmåtene. Dette er forpliktande både for SFO-leiar, rektor og kommunen.
- Skulefritidsordninga skal legge til rette for leik, kultur – og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gje omsorg, tryggleik og tilsyn.
- Barn med nedsett funksjonsevne skal givast gode utviklingsvilkår.
- Skulefritidsordninga skal legge til rette for at tilbodet tek i vare barn med særskilte behov. Areal ute og inne skal vera eigna føremålet.
- Alle barn i SFO har rett til eit trygt og godt miljø som fremmer helse, trivsel og læring. SFO skal forebygge brot på retten til eit trygt og godt skulemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremme barna si helse, tryggleik og miljø og følgje opp aktivitetsplikta. Dette er heimla i kapittel 12 i opplæringslova.

§ 3 Planarbeid

SFO skal planlegge innhald og arbeidsmåtar, og arbeidet skal evaluerast jamleg. Planlegging skal gje personalet grunnlag for å reflektere og jobbe langsiktig og systematisk for å utvikle skulefritidsordninga. Planlegginga skal ta utgangspunkt i lokale forhold og bidra til å realisere rammeplanen for SFO. Arbeidet skal vere basert på inkludering og barna sin medverknad.

SFO skal legge til rette for at føresette kan bidra i kvalitetsutviklingsarbeidet. Ein viktig del av arbeidet med kvalitetsutvikling er at personalet, med bakgrunn erfaringane sine frå det daglege arbeidet i skulefritidsordninga og gjennom observasjon av barn sin daglege leik og aktivitetar, kan reflektere og utvikle kompetansen sin og vidareutvikle verksemda sin praksis.

Den enkelte SFO-ordning skal utarbeide ein årsplan som viser korleis SFO omset rammeplanen sitt verdigrunnlag og innhald til praksis. Planen skal vere ein arbeidsreiskap for personalet, og bidra til å gi informasjon til føresette og andre samarbeidspartnarar. Samarbeidsutvalet vedtek årsplanen i første møte kvar haust.

§ 4 Samarbeid

Omsynet til barna sitt beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med føresette, skule, barnehage og andre offentlege instansar. SFO skal samarbeide med heimen og skulen for å legge til rette for at dei daglege overgangane mellom dei ulike arenaene blir gode. SFO bør samarbeide med skulen for å skape ein best mogleg heilskap i kvardagen for barna.

SFO skal bidra til å skape en god og trygg overgang frå barnehage til skule og SFO saman med skulen og barnehagen. Det er ein fordel om barna får moglegheit til å bli kjent med det fysiske miljøet og personalet i SFO før skulestart. Særleg for barn på 1. trinn som startar i SFO før den første skuledagen sin, spelar SFO ei viktig rolle i oppstartsfasa. SFO skal støtte barna den første tida for å bidra til at barna opplever tryggleik og tilhøyrse.

§ 5 Ansvarleg styringsorgan

Austevoll kommunestyre er kommunal godkjenningssmyndig for skulefritidsordninga. Skulefritidsordninga ligg administrativt under kvar skule, med rektor som øvste ansvarlege leiar.

§ 6 Styring og leing

- 6.1. Rektor har det administrative, pedagogiske og økonomiske ansvaret for skulefritidsordninga på sin skule.
- 6.2. Skulefritidsordninga skal vere ein naturleg del av skulen si drift.
- 6.3. Skulefritidsordninga skal ha dagleg leiar med relevant utdanning. Leiaren rapporterer til rektor.
- 6.4. Samarbeidsutvalet ved skulen er styre for skulefritidsordninga. Det skal vere personale frå SFO tilstades når saker frå skulefritidsordninga blir behandla.

§ 7 Areal

Lokala inne skal vera godkjent etter forskrift for miljøretta helsevern i skular og barnehagar. Om mogeleg skal SFO ha eigne lokale og kunne bruke spesialrom etter avtale med skulen ved rektor.

§ 8 Tilsette i skulefritidsordninga

Dagleg leiar skal ha minimum 3 års pedagogisk høgskule-/universitetsutdanning. Den daglege leiaren er assistentane i skulefritidsordninga sin næraste overordna.

Bemanninga i Austevoll er ein vaksen per 15 barn.

SFO kan få styrka bemanning utover norma dersom det er barn med særskilte behov i gruppa og rektor har gjort ei særskilt vurdering om at det er behov for ekstra bemanning.

§ 9. Søknadsfrist, opptak, endringar og oppseiing

Hovudopptak skjer på den enkelte skule med søknadsfrist 30. april. Føresette kan òg søka resten av året, og få plass om det er ledig kapasitet. Rektor informerer i god tid alle nye føresette om tilbodet. Rektor informerer føresette om at dei kan søke plass, endra plasstorleik eller seie opp SFO plass ved å bruke skjema som ligg i foreldreportalen og på kommunen si nettside.

§ 9-1 Opptak

- Alle barn i målgruppa (1.-4. trinn) kan få tilbud om plass i skulefritidsordninga ved den skulen dei går på.
- Elevar på 5. -7. trinn med særskilte behov, har rett til gratis SFO. Kommunen kan krevje betaling for kost.

Rektor i samarbeid med SFO-leiar har ansvar for opptak av nye barn. Barnet har plassen i SFO til og med 4. trinn eller til plassen blir sagt opp.

§ 9-2 Prioritet ved opptak

Kommunen pliktar å ha eit SFO tilbud, men det er ikkje ein rett for elevane å få ein SFO plass. Dersom kommunen ikkje har kapasitet til å gje alle aktuelle elevar i kommunen eit tilbud om SFO plass, skal rektor prioritera elevane slik:

- 1 elevar på 1. trinn og elevar med særskilte behov frå 1.-7. trinn.
- 2 elevar på 2. trinn
- 3 elevar på 3. trinn
- 4 elevar på 4. trinn

§ 9-3 Rett til å klage

Avslag på eller vedtak om tildeling av plass i SFO er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 og føresette kan klage etter reglene i forvaltningslova kapittel VI. Klagen må vera skriftleg og sendast til kommunen. I klagen må det visast til kva det blir klaga på, og føresette bør grunngi klagen. Klagefrist er tre veker etter at føresette mottok vedtaket. Dersom kommunen ikkje tar klagen til behandling eller gir klagaren medhald, skal kommunen sende klagen til klageinstansen. Kommunen sitt klageorgan er formannskapet.

§ 9-4 Oppseiing av plass

Føresette kan seie opp plassen eller endre plasstorleik skriftleg med 1 månads varsel gjeldande frå den 1. i påfølgande månad. Å seie opp plass og endre plasstorleik gjer føresette ved å bruke skjema som ligg i foreldreportalen og på kommunen si nettside. Føresette betalar for barnet i oppseiingstida. Ved oppseiing etter 1. mars er regelen at føresette må betale for plassen ut juni månad. Ved manglande betaling kan kommunen seie opp plassen med 1 månads varsel.

§ 10 Opningstider

Skulefritidsordninga følger skuleåret, og opningstida er kl. 07.00-16.15. Den enkelte SFO kan utvide opningstida med inntil 30 minutt i for- og etterkant. Opningstidene for den enkelte SFO er publisert på nettsida til kommunen.

§ 10-1 Ferie og fridagar

Skulefritidsordninga tilbyr plass i skulen sin haustferie, vinterferie, frå skuleslutt i juni til 30. juni og frå 1. august til skulestart. Opningstida i haust og vinter er 8.00 – 15.30. I jule- og påskeferien er skulefritidsordninga stengt.

Føresette søker om tilbud i feriar ved å bruke skjema som ligg i foreldreportalen og på kommunen si nettside.

Frist for å søka er seinast ein månad før feriestart. Barn som søker om opphald i ferie, kan få avslag om søknad er komen inn for seint eller dersom for få barn ønsker plass.

Rektor eller dagleg leiar skal underrette føresette skriftleg seinast to veker før feriestart dersom den blir stengt fordi for få barn har meldt seg på.

§ 10-2 Planleggingsdagar

Skulefritidsordninga skal sette av 5 dagar til planlegging og samarbeid for personalet. Desse planleggingsdagane blir lagt til skulen sine planleggingsdagar.

§ 11 Betalingssatsar

Kommunestyret i Austevoll fastset betalingssatsane i kommunen. Betalingssatsar er annonserte på kommunen si nettside. Eventuelle matpengar kjem i tillegg til det du betalar for SFO-plassen. Beløpet er det same sjølv om du har redusert foreldrebetaling i SFO.

§ 11-1 Søskenmoderasjon

Det er 25 % søskenmoderasjon for barn nr 2 i ein familie. Det er 50 % søskenmoderasjon for barn nr 3 i ein familie. Føresette kan søke om søskenmoderasjon om familien har barn både i SFO og barnehage. Skjema ligg i foreldreportalen og på kommunen si nettside.

§ 11-2 Redusert foreldrebetaling

Føresette med låg inntekt kan søke kommunen om redusert foreldrebetaling. Søknaden må dokumentere dei samla inntektene til familien.

§ 11-3 Gratis kjernetid

Kommunen skal gi fritak frå foreldrebetaling i skulefritidsordninga for 12 timar per veke for elevar på 1., 2. og 3. årstrinn årstrinn, fordelt på dei dagane kommunen til vanleg har eit tilbod om skulefritidsordning.

I skuleferiar vil elevar på 1., 2. og 3. trinn ha krav på gratis plass 2 heile dagar av ei full ferieveke. Dersom eleven ønsker å bruke SFO fleire dagar i veka må føresette betale dagspris som står i kommunen sitt gebyrregulativ.

§ 11-4 Betaling

Foreldrebetalinga gjeld frå den dagen plassen er tildelt. Betalinga skjer på etterskot, ved forfall den 20. i kvar månad, og gjeld heile månaden sjølv om plassen ikkje blir nytta fullt ut. Foreldre får rekning 10 gongar i året, september-juni.

§ 11-5 Feriar

Betaling er gjeldande sats per dag som er annonsert på nettsida til kommunen. Rekning blir sendt på etterskot.

Barn med vedtak om redusert foreldrebetaling og elevar med særskilte behov frå 1.-7. trinn, har rett til å bruke SFO i feriar, etter skuleslutt i juni fram til 30. juni og frå 1. august til skulestart utan ekstra kostnad.

§ 11-6 Gebyr

Ved for sein henting blir det kravd gebyr per påbegynt time.

§ 12 Budsjett

Rektor utarbeider forslag til budsjett i samarbeid med dagleg leiar. Samarbeidsutvalet behandlar budsjettet. Budsjettet blir vedtatt av kommunestyret.

§ 13 Forsikring

Ulykkesforsikringa som Austevoll kommune har for skulebarn, gjeld også for barn i skulefritidsordninga. Kommunen har ikkje erstatningsplikt for barna sine eignedelar i skulefritidsordninga utover det som gjeld vanlege erstatningspliktige reglar.

§ 14 Teieplikt

Dei tilsette har teieplikt jf. forvaltningslova §§ 13-13f.

§ 15 Opplysningsplikt

Personalet i SFO har i enkelte tilfelle ei opplysningsplikt til sosialtenesta, den kommunale helse- og omsorgstenesta og barneverntenesta, jf. opplæringslova.

§ 16 Politiattest

Dei som blir tilsett i skulefritidsordninga må levera politiattest jf. opplæringslova §17-11.

§ 17 Endringar

Austevoll kommunestyre vedtek endringar i vedtektene.

§ 18 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå og med 01.01.2025. Samtidig vert forskrift FOR-2023-06-15-1264 for skulefritidsordninga, Austevoll kommune, Vestland oppheva.